

Todalen idrottslag 100 år

Prolog

Gratulerer, Todalen idrottslag
Med 100-årsdag
Todalsgut og dråk – kaill og kjerring
- velkommen til feiring!

Det skal bli mange ord og historier i triveleg lag
- ein fest med vener frå gode nabolag
På menyen står fårrikål
- og kan hende vil det passa seg med ein skål?
Ta godt vare på stunda
Siste dansen er langt unna
Gløym fjøstid og anna tid
Todaling – i kveld har du fri!!!!

I 1908 fekk Todalen sitt eige idrottslag
22. oktober vart stiftelsesdag
Med kameratskap, iver og energi
Vart grunnlaget lagt for det som skulle bli
- ein solid og drivande organisasjon
- ein institusjon

Helsestyrkjande idrett skulle drivast
- det skulle kappast og kivast
Men på sunt og forsvarleg vis
- med aktivitetar i skispor, på bane og is
Med Sverke som drivkraft dei første åra
- gjekk det svert så bra!
Han fortener å bli hugsa og æra
- for at bygda vart ein del av idrettsrørsla!

Men først noko anna småtter
- frå gammel tid
I 1908 vart skiforbundet stifta
- og dei fekk fort sving på drifta
Vi drog til OL i England og vann
- og i Bergen starta dei Sportsklubben Brann
Første landskampen vart spela
Det gjekk ikkje særleg bra...
Nedturen vart stor
Med tap 11-3 mot søta bror
Og i cupen i handla det om Lyn- først og fremst
Dei vann - berre så det er nemnt....

Hundre år med leik og sport
Hundre år med smått og stort
Av rekordar og dugnadar
- festivalar og bragdar
- og mykje anna
- som er å nemna
Av gledesstunder
- og små "under"

Idrottslaget har famna det meste
Engasjert dei fleste
I bygda innmed dei høge fjella
Der folket er etla
Til noko stort
- og forseggjort

Ja, akkurat slik Hyldbakk sa det
Om det som hendte
og om det som var å sjå
På matta på Kultursjå
Slik er det i Todalen "å"
- "Stort og forseggjort"
- Med kjærleik til idretten og kulturen
- I bygda der ein sjeldan er sturen

Ja, for ein todaling vil alltid behalde trua
Sjølv om skotet går i stonga
Om skia brekk
Om alle pokalane han fekk
Kom vekk
Fordi det alltid kjem ein sjanse til
For den som noko vil

Men Todalen i svart og kvitt?
- ein kan mesta lure litt
Kvifor vart det slik?
I ei bygd som er så rik
på både fine nyansar
og skarpe fargar
- flotte som regnbogar
som går til jorda der skatten ventar
På dei som ønskjer å sikre gode kår
- i nye hundre år!
I bygda busett med kverulantar og humoristar
- dugnadsfolk og patriotar
Der meiningane er sterke og mange
- og diskusjonane fort kan bli lange
Men aldri utan snert og brodd
- For her er dei oftast godt skodd
Dei som tek ordet
- ikring bordet

Men svart og kvitt?
Tja, vent no litt
Kanskje det likevel er heilt naturleg
- og forklarleg
Fordi svart og kvitt har kraft og gir klar beskjed:
- Todalen idrottslag tullar du ikkje med!

Men skal tru kva framtida vil gje?
Av begeistring og glede
Vil todalingar i kappestrid i ymse idrettar
- mot sentrumsbøgg og andre amatørar
- vinne medaljer og klare lange hopp
- hente pokalar og stå på tabelltopp
Ja, skal fotballen på mest mystisk vis
- på ny sørge for at bensina blir gratis
Skal todalingar igjen spurte til siger i stafetten
- og etterpå vinne i banketten?

Men er det så farleg,
eigentleg?
Om det berre blir fjerdeplassar
- og små pokalar
Så lenge gleda rår
- så lenge fellesskapet består
- og så lenge borna leikar og er med
og kjenner at idrettslaget har noko å gje

2008 skriv seg inn i historia
- med gullskrift over bygda
Med slektstreff, sport og mykje anna
- jubileumboka vart imponerende lesnad
Alle har vore med
Unge og eldre
Ja, til og med idrettssjefen kom til dalen
- med mykje skryt i talen!
- takka ja til invitasjon!
- Ein liten sensasjon
- Ein demonstrasjon
Som viser at det er typisk todaling å tenkje stort
- å ikkje gjøyme seg bort
- men å få noko gjort

Erling Talgø hadde som motto på sin veg:
Det er ikkje noko vesentleg handicap å vere
triveleg
Og enda ein ting:
Det er ikkje noko vesentleg handicap å sjå seg
ikring
- ha vidsyn
- og vise omsyn
Nei, det er ikkje noko vesentleg handicap å vere
todaling!

Om nokon skal nemnast?
Om nokon kan gløymast?
Om noko er sverare enn alt anna?
Om noko berre er å halde unna?
Nei, ikkje i dag
Ikkje nokon dag
For bygdas idrottslag
Der alle dreg lasset i lag

Todalen idrottslag – framleis ung og galant
Ein makalaus jubilent!

Lukke til vidare!

Sunndalsøra 25. oktober 2008

Ole M. Ansnes